

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Anne Marie Gamlem Rabba, Randi T. Legård, Arne Martin Botnen og Lars O. Seim (vara for Helleik Rabbe)

Stad: Røldal Skule, biblioteket

Tid: Torsdag 21. januar 2016 kl. 18.00 – 19.30

Sakliste

- Sak 1/16:** Godkjenning av innkalling og møteprotokoll
- Sak 2/16:** Konstituering av nytt styre
- Sak 3/16:** Styrehonorar/møtegodtgjersle
- Sak 4/16:** Kurs for nye fjellstyre 28. og 29. januar på Ullensvang Hotell
- Sak 5/16:** Byte av rekneskapsfører
- Sak 6/16:** Diverse fullmakter
- a) Prokura
 - b) Fullmakt til å gje gevinstar, premiar osv.
 - c) Disponent til VISA-kort
- Sak 7/16:** Diverse val
- a) Vararepresentant til FH (fjellstyrene på Hardangervidda)
- Sak 8/16:** Fordeling av kostnader til takreparasjon på Midtfjellsvollen
- Sak 9/16:** Post og meldingar
- Sak 10/16:** Kiting på Haukeli
- Sak 11/16:** Mogelege andre saker

Sak 1/16: **Godkjenning av innkalling og møteprotokoll**
Alle medlemmar og varamedlemmar var kalla inn til møtet. Utover dette ingen merknadar.

Sak 2/16: **Konstituering av nytt styre**

Randi Tokheim Legård har fungert som kasserar og sekretær over siste 4 - årsperiode, men ynskjer no avløyseing frå sekretærdelen. Anne Marie Gamlem Rabba tek over sekretærjobben. Styret er fylgjande:

1. Leiar: Torleif Fresvik, (AP)
2. Nestleiar: Håkon Småbrekke, (SP)
3. Randi Tokheim Legård, kasserar (V)
4. Anne Marie Gamlem Rabba, sekretær (SP)

A. Gamlem Rabba
R.T.L. / H.S.

5. Helleik Rabbe, styremedlem (H)

Personleg vara

1. Arne Martin Botnen, (AP)
2. Ellen Drangevåg, (SP)
3. Oddbjørn Lynghammer, (AP)
4. Oddvar Småbrekke, (SP)
5. Lars O. Seim, (SP)

Sak 3/16: Styrehonorar/møtegodtgjersle

Honorara har ikkje vorte justert dei siste åra, og etter vedtak i Fellesstyret for Ullensvang Fjellstyre vert honorara no auka. Røldal Fjellstyre følgjer dei same satsane fellesstyret har sett. Leiar sender vedtaket til kommunen for godkjenning.

Leiar: kr. 12.000,- (tidlegare kr. 11.000,-)
Sekretær: kr. 6.000,- (tidlegare kr. 5.000,-)
Kasserar: kr. 3.000,-

Møtegodtgjersle: kr. 600,- per møte (tidlegare kr. 500,-)
Leiar og sekretær får kr. 3.000,- til kostandar med internett og telefon

Sak 4/16: Kurs for nye fjellstyre 28. og 29. januar på Ullensvang Hotell

Randi Tokheim Legård og Håkon Småbrekke deltek begge dagar. Torleif Fresvik deltek fredag.

Sak 5/16: Byte av rekneskapsfører?

Tidlegare rekneskapsfører er sagt opp. Randi Tokheim Legård har ansvaret for å hente inn tilbod. Ho kontaktar rekneskapsfører Liv Solfrid Lono, ved Rekneskapskontoret John Bleie, som også fører for Odda Fjellstyre.

Sak 6/16: Diverse fullmakter

a) **Prokura:** Styreleiar signerer eller nestleiar og ein til frå styret

b) **Fullmakt til å gje gevinstar, premiar:** Leiar har fullmakt til å gje vinstar inntil kr. 1.000,-

c) **Disponent til VISA-kort:** Kasserar.

Sak 7/16: Diverse val

a) **Vararepresentant til FH (fjellstyrene på Hardangervidda)**

Som vararepresentant til FH frå Røldal vart Håkon Småbrekke vald.

Sak 8/16: Fordeling av kostnader til takreparasjon på Midtfjellsvollen

Kostnadane gjeld innvendige reparasjonar og forsterkingar på Midtfjellsvollen. Faktura er gjort opp av eigar, men Fjellstyret treng meir dokumentasjon for å vurdere kostnadsfordelinga. Svein Myrheim var på synfaring i forkant av arbeidet, og vil såleis leigast inn for å vurdere det ferdigstilte arbeidet. På grunnlag av dette vil saka takast opp att på neste møte.

A. Rabbe
R.T.L.
H.S.

Sak 9/16: Post og meldingar

- a) Samarbeid Bibliotek - Fjellstyre om foredrag ved Olav Strand på biblioteket onsdag 10. februar kl. 18.30 – Nokre av styremedlemmane er med og organiserer det praktiske i forkant av kvelden.
- b) Bedriftsnettbank er oppretta.
- c) Registrering av nytt styre i Brønnøysundregisteret - Personnummer er levert.
- d) Vår møte 1. - 2. april i Eidfjord – Hovudtema er villrein og samferdsle. Utvalsmøtet vert halde fredag.
- e) Sluttoppgjer tenestekjøp – Røldal Fjellstyre må kjøpe tenestar ut i frå areal hjå Hardangervidda Fjelloppsyn, og dette utgjer ein årleg sum på omlag 150 000 kroner, brutto. Av dette vert 50 % refundert frå staten.
- f) Invitasjon til å delta i lovutvalg – Leiar sender ut info til styremedlemmane per e- post.
- g) Vi må kjøpa nye jaktkortblokker før neste haust – Leiar tek ansvar for dette. Ein ser no at fleire nyttar nettportalen www.inatur.no for å kjøpe jakt- og fiskekort.
- h) E-post adresser og tlf til medlemmar og varamedlemmar (sjå vedlegg 1)

Sak 10/16: Kiting på Haukeli

Det har i fleire vintrar vore mange kiterar langs E-134 på Haukeli. Mykje av aktiviteten finn ein rundt Hadlevatnet, Ulevåvatnet og Ståvatnet. Opplysningar frå brøytemannskapa på Haukeli viser at det til tider skjer at reinsdyrflokkar blir skremd av kiterane. Dette skjer både i området som nemnd og i området frå Dyrskar og ut Votna. Alt avhengig av vindretning. Sist reinsdyr blei skremd var den 8. januar på Midtlæger, og dette vart observert av brøytemannskap.

Utviklinga er uheldig, det har vore kontakt til Haukelisæter Fjellstove fleire gonger av folk frå Fjellstyret og frå SNO med oppmoding om at kiterane ikkje skal ferdast i området når det er reinsdyr der. Dette ser ikkje ut til å ha hatt særleg verknad.

Ut frå den erfaringa ein har sett, så ynskjer Røldal Fjellstyre at kiting ikkje skal vere tillate i området frå Fylkesgrensa mot Telemark og vestover på Røldal Statsålmønning. Dersom ikkje grunneigarane på vestsida av Haukelitunellen har innvendingar, bør forbodet også gjelda strekninga vidare vestover frå Dyrskard og fram til dammen på Votna.

I flg. friluftsløven så er det kommunen som kan setja avgrensingar i ferdsla, jf. § 15, men at det i dette tilfelle gjeld kiting. Leiar sender brev til kommunen i denne saka.

Sak 11/16: Mogelege andre saker

Toralf Fjøsne
Randi T. Legård
H. Småbrodden

Kar O. Seim
Anne Marie G. Rabba

Anne Marie Gamlem Rabba (ref)

Vedlegg 1**E – postadresser og tlf til styremedlemmer og varamedlemmer i Røldal Fjellstyre****Røldal Fjellstyre**

Namn	Telefon	E - post
1.Torleif Fresvik, AP, leiar	91795085	roldal@fjellstyrene.no torleif.fresvik@politiet.no
2.Håkon Småbrekke, SP, nestleiar	95208677	hakon.smabrekke@bulder.no
3.Randi Tokheim Legård, V, kasserar	91366442	epost@haradalen.no
4.Anne Marie Gamlem Rabba (SP), sekretær	98848380	anne.marie.rabba@suldal.kommune.no
5.Helleik Rabbe, H	90760784	helleik@me.com

Personleg vara

Namn	Telefon	E - post
1.Arne Maritin Botnen, AP	99163760	ambotnen@hotmail.com
2. Ellen Drangevåg, SP	97421849	eddrange@online.no
3. Oddbjørn Lynghammer, AP	90671665 90993551	roldal@roldalstunet.no
4. Oddvar Småbrekke, SP	91831531	osmaabrekke@yah.no
5.Lars O. Seim	90962584	bygdeteneste@gmail.com

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Lars Seim (vara for Helleik Rabbe), Randi Legård og Anne Marie Gamlem Rabba.

Stad: Røldal Bibliotek

Tid: Måndag 14. mars kl. 18.00 – 20.30

Sakliste:

Sak 11/16: Godkjenning av innkalling og møteprotokoll

Ingen merknadar til møteprotokoll. Det er viktig å få ut innkallinga tidligast mogleg.

Sak 12/16: Røldalsmarknaden 2016.

Røldal Fjellstyre vil ha stand og program som tidlegare år. Under arrangementet tek fjellstyret blant anna i mot søknadar om jaktkort. Laget har tidlegare lånt telt av Nils Åge, og vil prøva å få til denne ordninga også i år. Torleif tek kontakt med SNO for og høyra om dei har intr. i å vera med. Anne Marie sender svar tilbake til marknaden at fjellstyret leiger stand.

Sak 13/16 Søkna om samjakt fra Røldal Grunneigarlag på vegne av HA-290 og HA 300.

Det må sendast førespurnad til Norges Fjellstyresamband om habilitet blant to av styremedlemmane når det gjeld samjaksavtala. Leiar forfattar eit skriv på vegne av Fjellstyret, og dette vert fyrst sendt ut på høyring til styremedlemmane. Før ein går vidare i prosessen må ein definere ordet "gjenyting", som vert brukt i søknaden om samjaksavtala. Tenkjer ein til dømes tenesteutveksling? Dette må avklarast før vidare handsaming. Leiar tek kontakt med Nils Petter Rabbe på vegne av fjellstyret.

Vedtak: Røldal Fjellstyre utset handsaminga av søknaden om samjakt med HA-290 og HA-300 inntil ovannemnde spørsmål er avklara.

Sak 14/16 Høyringsforslag Villreinkvote hausten 2016

Vedtak: Røldal Fjellstyre støttar Villreinutvalget sitt forslag til fellingskvote for villrein hausten 2016. Bestandsmålet er å ta ut tilveksten. Dette tyder at ein har 8000 kontrollkort fordelt på 1.200 fridyrkort, 6800 stk. simple/ungdyrkorta med kalv inkludert i same kortet.

Sak 15/16 Søkna frå Røldal Skyttarlag om sponsorstøtte til skytestemne.

Vedtak: Røldal Fjellstyre gir kr.2.500,- til Røldal Skyttarlag for annonsering i Norsk Skyttartidende om Røldalstemnet 03.06.2016.

Sak 16/16 Søkna frå Røldal Røde Kors om å nytta «Gamlebua» i Hellevass i samband med påskeberedskap 2016.

Vedtak: Røldal Røde Kors får bruke «Gamlebua» i Hellevass i tidsrommet 20. – 28.mars 2016 vederlagsfritt. Dei held ved og gass sjølve.

Sak 17/16 Fjellevens § 12 er endra.

Vedtak: Røldal Fjellstyre gir løyve til å køyra snøscooter i Røldal Statsalmenning for dei som har fått løyve med hjemmel i lov og forskrift av kommunen utanfor Hardangervidda Nasjonalpark og av Tilsynsutvalet for Hardangervidda Nasjonalpark for køyring i den delen av Nasjonalparken som ligg i Røldal Statsalmenning.

Sak 18/16 Post og meldingar

Følgjande er gjennomgått:




- a) **Vår møte i Eidfjord 1. og 2. april.** Fredag 1. april og laurdag 2. april møter Torleif, Randi, Håkon og Anne Marie. Lars møter laurdag 2. april. Torleif organiserer påmeldinga.
- b) **Møtebok Ulvik Fjellstyre**
- c) **Møtebok Fellesstyret for Ullensvang Statsalmenning**
- d) **Oppsummering frå veterinærinstituttet vedr. undersøking av parasitt på kalv felt hausten 2015.** Veret gjorde sitt til at det var mindre parasittar i år.
- e) **Brev frå Tor Helge Tjemsland dat. 250216, vedr. fiske m.m. på Røldal Statsalmenning.** Leiar skriv svar til Tjemsland. Når det gjeld nettsida www.hardangervidda-fjellstyra.no, så må ein oppdatere fiskereglane.
- f) **Registrering i Brønnøysund er ok.**
- g) **Orienteringssak: Jens Markhus og Midtfjellvollen.** Her treng Fjellstyret meir informasjon før det vert fatta vedtak. Fjellstyret må blant anna ha synfaring i fjosen. Markhus er informert om og innforstått med at prosessen kan ta noko tid. Dette kjem som sak på neste møte.
- h) **Orienteringssak: Kiting på Haukeli**

Sak 19/16 Moglege andre saker

Ingen saker.

Mvh Røldal Fjellstyre,

Anne Marie G. Rabba



REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Helleik Rabbe, Oddbjørn Lynghammer (vara for Randi Legård) og Anne Marie Gamlem Rabba.

Til behandling av sak 21/16 vart Ellen Drangevåg kalla inn som vara for Håkon Småbrekke. (Helleik Rabbe og vara for han, Lars Seim, inhabil i sakshandsaminga av sak 21/16)

Stad: Røldal Bibliotek

Tid: Måndag 2.mai kl. 18.00 – 21.00

Sakliste:

Sak 20/16: Godkjenning av innkalling og møteprotokoll

Ingen merknadar.

Sak 21/16: Søknad om samjakt

Røldal Grunneigarlag har i brev datert 19. februar 2016 søkt/oppmoda Røldal Fjellstyre om og opne opp for samjakt med privatkort knytt til gamle Røldal Herad, HA-300 og HA-290.

Det har i mange år vore ein samjaksavtale mellom dei private valda (HA-290 og HA-300) og Røldal Statsalmenning, (HA-280). Samjaksavtala har vore gjensidig og den har dei siste åra hatt avgrensing i område for ein del av dei private korta. Siste året kunne dei som var tildelt kort av Røldal fjellstyre og nytta dei private korta på Statsalmenningen.

Det er i år kome inn forslag frå fleire innanbygds jegerar i Røldal om å avgrensa tida for ein eventuell samjaksavtale. Forslaget er at privatkort ikkje får adgang til statsalmenningen den første og siste veka av reinsjakta 2016.

Bakgrunnen for avgrensinga i samjaksavtala tidligare har vore med bakgrunn i at den austligaste delen av Røldal Statsalmenning er liten i utstrekning og breidde. Når ein også har freda området frå Uranuten til Austre Eltarene og ned til snøstonga ved utfallet på Uravatnet er det ikkje rom for å auka antallet jegrar.

Fellesstyret for Ullensvang Statsalmenning har dei to siste åra ikkje imøtekome søknader frå private vald i Ullensvang Herad og Odda sokn om samjakt.

Under handsaminga var det altså spørsmål om ein fortsatt skulle ha ei samjaksavtale, og kva slags avgrensingar som eventuelt skulle liggja til denne. I avstemminga tok ein standpunkt til følgjande:

1712

Under debatten kom det fram fleire synspunkt. Det er ikkje automatikk i det å inngå ein samjaksavtale. Dette må vurderast frå år til år. Som eit døme vart nevnt vedtaket til fellestyret for Ullensvang Statsalmenning for i år der det for andre året ikkje blei nokon samjaksavtale mellom private vald og statsalmenningen.

Det var i diskusjonen enighet om at ein skulle ha ei samjaksavtale, men usemje om korleis den skulle vera.

Det vart her argumentert for at samjaksavtala ikkje skal tre i kraft frå fyrste jaktveka, då ein spesielt den fyrste jakthelga lett går" opp på kvarandre", noko som igjen leiar til jaktpress. Ved å verna den fyrste helga vil lokale korthaldarar innunder HA – 280 få jakte i fred, og samstundes ha eit føremon. Ein vil då etter all sannsyn unngå jaktpress og jegerkonsentrasjonar.

På ei anna side vart det peika på at ein må samarbeida, og ikkje laga avgrensingar og restriksjonar utan grunn. Det kom også i denne samanheng innspel om trongen for kartlegging, slik at ein kan få betre oversikt over talet utanbygds jegerar som jaktar i området rundt Hellevass/Statsalmenning, og kva slags kort dei nyttar. Kan ein dokumentere at utanbygds jegarar har jakta på privat grunn, og slik sett ikkje på statsalmenninga, så vil dette til dømes avlasta statsalmenninga. Det vart til slutt nemnd at ei samjaktavtale må søkjast om kvart år, og dermed er reversibel for eventuelle endringar.

Avstemming 1:

Ellen Drangevåg fremja forslag om ei uavgrensa samjaksavtale frå 20. august der alle kort frå HA-290 og HA-300 kunne nyttast på heile Statsalmenningen av alle tom 30. september.

Vedtak: I denne saka var det fire stemmeberettiga. To stemde for og to mot – forslaget fall med leiar si dobbeltstemme.

Avstemming 2:

Torleif Fresvik fremja forslag om ei avgrensa samjaksavtale der denne skulle ta til frå 25. august. Utover dette ei avgrensing som for 2015. Det vil seie at dei jegerane som vert tildelt kort på HA-280 kan nytta privatkort frå HA-290 og HA-300 på heile Røldal Statsalmenning frå 25. august og ut jakta. Andre jegerar som kun har privatkort frå HA-290 og HA-300 kan nytta desse korta frå 25. august og ut jakta på Røldal Statsalmenning, det vil seie inn til turistvegen frå Haukelisæter til Litlos frå der turistvegen kryssar Fylkesgrensa mot Telemark, til der den kryssar kommunegrensa mot Ullensvang.

Vedtak: I denne saka var det fire stemmeberettiga. To stemte for og to mot –forslaget blei vedteke med leiar si dobbeltstemme.

TJN

Sak 22/16 Freding for jakt på rype i Røldal Statsalmenning

Røldal Fjellstyre gjorde vedtak i 2015 om å innføre "bag-limit" på rype i Røldal Statsalmenning. Vedtaket blei gjort fordi ein ikkje ville rekke å få freda rypa for jakt i jaktåret 2015/16 på grunn av høyringsrundar etter vedtak.

Med bakgrunn i vedtaket frå i fjor om "bag limit" i staden for freding for siste jaktår samt at det i år er motteke brev frå jegerar i Røldal med forslag om og freda rypa for jakt i 5 år, tar ein dette opp på ny.

Fellesstyret for Ullensvang Statsalmenning har gjort vedtak om ikkje å tillata jakt på rype for 2 år. For anna småvilt må det løysast småviltkort til vanlig pris og jakttida er som fastsett for småviltjakt i Ullensvang.

Når omliggande områder har freda sine soner, kan ein risikere at beskatninga aukar på Røldal Statsalmenning, noko som kan resultere i større press. Ei eventuell freding av rypa vil gje ca kr. 30 000 i tapte inntekter for fjellstyret.

Det som er viktig i denne samanhengen, er at ein heller stimulerer til beskatning av smårov-vilt. Dersom ein fredar rypejakta, bør jegerane få fritt kort på smårov-vilt. Ut i frå dette vil ein derfor gå inn for å frede rypa.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre tillet ikkje jakt på rype dei neste to åra, dvs. tom februar 2018. For å stimulera beskatninga av smårovvilt stader ein ut gratis smårov -viltkort til jegerane.

Sak 23/16 Prisfastsetting og reglar for storviltjakt

Vedtak: (pris 2015)

Fritt dyr: kr. 1.300,- (kr. 1.200)

Simle/ungdyr m/kalv kr. 1.100,- (kr. 800 + 400)


Dobbel pris til utanbygds jegerar for s/u kort m/ kalv.

(Dersom korta vert som tidligare vert prisen for simle/ungdyrkort kr. 900,-. Prisen for kalv vert halden på kr. 400,-.)

Røldal Fjellstyre innfører ei ordning for 2016 med familierabatt på kort i dei tilfella der mann/kone el. sambuarar søker om kort. Den eine av dei to treng då berre ta ut eit kort, den andre må ta ut tre. Det vil likevel verte høve til å kjøpa fleire kort om dei vil. Dersom det berre vert teke ut eit kort av den eine vil dette vera eit simle/ungdyrkort.

For 2016 innfører Røldal Fjellstyre ei ordning der skuleelevar/studentar over 18 år kan ta ut eit kort, men med høve til å kjøpa fleire om dei vil. Ved uttak av eit kort vil det då vera eit simle/ungdyrkort ev. m kalv.

Maksimalt tal utanbygds jegerar er 35 stk. + utflytte røldøler. Om det ikkje blir nok kort minkar talet utanbygds tilsvarande.



Nattfreding mellom kl. 1900 – 0700.

Fredingskorridor som før, frå Uranuten til Austre Eltaren og bein linje ned til snømålestonga ved utfallet på Uravatnet og langs vatnet og fylkesgrensa austover til Uranuten.

Ein viderefører dobbel pris på utanbygdskort som før. Innanbyggs jegerar må ta ut 3 kort, unnateke dei ordningar nemd over. Fridyrkortprisen er auka med 100 kroner. Prisane er vedteke på bakgrunn av godkjenning frå Miljødirektoratet.

Sak 24/16 Jakt på anna småvilt enn rype for jaktåret 2016/17.

Vedtak:

Jaktstart for Canadagås: Jfr. forskrift om jakt- og fangsttider 1. april 2012 – 31. mars 2017, ev. ekstraordinær jakttid fastsatt av Fylkesmannen.

Jaktstart for anna småvilt enn rype: 20. september.

Jaktstart for smårov-vilt: Jf. forskrift frå Miljødirektoratet.

Fjellstyret utstedar kort som er gratis på smårov-vilt.

Prisar på jaktkort på anna småvilt enn rype :

Same pris som 2015

1 dag	kr. 190,-
2 dagar	kr. 300,-
3 dagar	kr. 400,-
Veke	kr. 600,-
Sesong (innanbygds)	kr. 600,-
Sesong (utanbygds)	kr. 1.200.-

Sak 25/16 Fiske 2016

Røldal Fjellstyre sette ut fisk i fleire tilnærma fisketomme vatn i 2014. I tillegg blei det i 2012 sett ut ca. 200 fisk i Høsingvatnet. (ca. 300stk i 2014).

For å sikra rekruttering i desse vatna bør det settast ut ein omgang til med fisk i år.

Vedtak

Leiar tek kontakt med Telemark settefiske for kjøp av fisk. Han sender også søknad til Fiskefondet om tilskot til innkjøp av fisk og kostnader til transport.

T F

Sak 26/16 Brannvern fjellstyrehyttene

Røldal Fjellstyre har per no ikkje nokon ROS analyse for branntryggleik på fjellstyrehyttene sine, og eller ingen brannteknisk dokumentasjon. Dette må på plass i løpet av året. Hardangervidda Fjelloppsyn A/S har mal for dette arbeidet og kan brukast til å få dette ferdigstilt.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre bestiller nødvendig ROS analyse og brannteknisk dokumentasjon på for fjellstyrehytter sine tre hytter. Leiar tek kontakt med HAF A/S.

Sak 27/16 Røldalsmarknaden

Stand og annonsering. SNO vert med. På marknaden skriv Fjellstyret ut gratis smårov-viltkort. Ein vil også få Odda Trykkeri til å laga banner med reklame for smårov-viltkort. Leiar tek kontakt med trykkeriet.

Sak 28/16 Post og meldingar (jf. e-post)

- a) Landsmøte NFS i Stjørdal 9. – 10.juni. **Leiar reiser evt.**
- b) Villreinsrådets fagdag på Skinnarbu Nasjonalparkhotell 1. – 2. juni **Leiar reiser evt**
- c) Søknad om dispensasjon frå hjorteviltforskrifta §§ 30 og 31 Hardangervidda villreinområde
- d) Anbefaling villreinkvote på Hardangervidda 2016
- e) Ferdseleksundersøking på Hardangervidda 2016

Sak 29/16 Moglege andre saker

Ingen

Mvh Røldal Fjellstyre,

Anne Marie G. Rabba, sekretær

Håkon Småbrokken

Anne Marie G. Rabba

Talent

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Dei som var til stades på dette møtet var Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Helleik Rabbe, Randi Legård og Anne Marie Gamlem Rabba.

Til behandling av sak 31/16 vart Ellen Drangevåg kalla inn som vara for Håkon Småbrekke.

Stad: Røldal Bibliotek

Tid: Måndag 13. juni kl. 18.30 – 21.30

Sakliste:

Sak 30/16: Godkjenning av innkalling og møteprotokoll

1. Brevet vedk. begrensning av samjakt vart underkjent under førre møte grunna endring av brev etter at jegerane hadde skrive under. Dette skuldast ulik forståing av kva ein skreiv under på.
2. Årsmelding og reknskap må opp som eiga sak.

Sak 31/16: Fjellstyre og nøkkel til bommen på Kaldevatn

Røldal Fjellstyre har tidligare forsøkt å få til ei ordning med nøkkel til bommen på vegen inn til Kaldevatn, slik at alle som ynskte det kunne reisa inn og fiska eller jakta på Røldal Statsalmenning. Dette har det tidlegare ikkje vorte noko av.

Det har vore mange førespurnadar frå brukarar som har ynskt å reisa inn for å fiska eller jakta på statsalmenningen. I skjønnet etter utbygginga står det at grunneigarane i området var samde om at det skulle setjast opp bom, og vegen skulle haldast stengt på grunn av spesielle forhold for å hindra ferdsel på vegen.

Statskog er grunneigar og Røldal Fjellstyre utøver bruksretten. I underskjønnet side 24 pkt. 3, vegar er anført:

"Det bemerkes imidlertid at det under befaringen ble oppnådd enighet om at veien fra riksveien til Kaldevatn på grunn av spesielle forhold skulle stenges med bom for å hindre ferdsel på denne vei".

Dette gjentas i overskjønnet og ble inntatt i rettsboka som anførsel, jfr. side 23 i overskjønnet under pkt. 3, nest siste avsnitt (forts fra s. 22).

Ordlyden i overskjønnet er:

"De grunneiere hvis eiendommer det er anlagt veier i forbindelse med utbyggingen, forbeholder seg rett til å stenge disse for almenheten og utenforståendes bruk av veiene, dog slik at stenging ikke foretas like overfor Kraftselskapet....."

Det bemerkes i denne forbindelse at det under befaringen for underskjønnet ble oppnådd enighet om at veien fra Riksvei til Kaldevatn på grunn av spesielle forhold skulle stenges med bom for å hindre ferdsel på denne vei".

Det vart på førre styremøte gjeve ei orientering frå leiar om dette. Statskog har som grunneigar sett i gong eit arbeid for å sjå på ordlyden i skjønnet, og om det er rett at bruksberettiga i Røldal kan hindrast i å køyra inn til Røldal Statsalmenning.

Før avstemminga kom det opp spørsmål om habilitet. Dette gjaldt Torleif Fresvik (stedotter sambuar med ein av grunneigarane) og Håkon Småbrekke (far til ein av grunneigarane). Om styremedlemmet har ein relasjon til grunneigar, og/eller kan få ei økonomisk vinning ut av dette, så er han inhabil. Håkon Småbrekke har ikkje løyst fiskekort, men vart i denne saka likevel vurdert som inhabil. Personleg vara, Ellen Drangevåg vart henta inn. Etter forslag frå Helleik Rabbe tok Røldal Fjellstyre stilling til fylgjande:

- 1) Ynskjer Røldal Fjellstyre og fortsetja arbeidet med å leggja til rette for auka motorisert ferdsel inn på Kaldevassvegen for allmenningsbrukarar, eller skal fjellstyre leggja denne saka daud?

Det kom fleire synspunkt i saka. Leiar la innleiingsvis fram om det var høve å leggja til rette for allmenningsbrukarar som ønskjer å fiska og jakta inne på statsalmenningen med utgangspunkt frå Kaldevatnet. Han la fram forslag om at desse brukarane til dømes kunne betala depositum for nøkkel. Ellen Drangevåg peika på at Fjellstyret har fått avslag frå grunneigarane, og dette bør respekterast. Helleik Rabbe viste til eit gammalt vedtak i Fjellstyret der det skal ha vore ønskje frå Fjellstyret om at vegen skulle leggjast att. Heile damområdet vart i si tid overtatt av Hydro frå Statsskog, og sistnemnde eig no berre ein liten del av vegen. Det vart også peika på forringing av jaktterreng for grunneigarane og auka motorferdsel ved eventuell tilrettelegging for allmenningsbrukarar.

I forkant av avstemminga føreslo leiar at fjellstyre skulle fortsetja arbeidet med å få tilgang til vegen til Kaldevatnet med det formålet at almeningsbrukarane lettare skulle få tilgang til jakt og fiske i statsalmenninga.

Forslaget fall, berre leiar stemte for, tre stemte mot og eit styremedlem stemde blankt.

Vedtak: Røldal Fjellstyre jobbar ikkje vidare med saka. Leiar tek kontakt med Statsskog om avgjernaden.

Sak 32/16 Fastsetting av dato for trekking av jaktkort for utanbygdsbuande.

"Søknadsfristen" for jaktkort på Røldal Statsalmenning har vore siste dag av Røldalsmarknaden. Ein må føreta trekking av kort til raskast mogleg, slik at ein får svar med dokumentasjon¹ frå dei som skal ha kort, og slik at varamenn kan kontaktast i god tid. Det må setjast opp dato for dette.

Vedtak: Onsdag 22. juni klokka 18 ver t det ope møte, etter all sannsyn på Grendahuset. Her vert det trekking av jaktkort for både innan- og utanbygdsbuande, samt at oppmøtte får høve til å stille styret jaktrelaterte spørsmål. Det må gjerast førebuiingsarbeid i forkant av trekkinga, og dette er fordelt slik:

Helleik og Anne Marie: Legg inn søkjarar på Exel – ark, og kven som får løyve

Torleif: Høyrer om det er råd å få låna bingoutstyret til trekkinga

Sak 33/16 Røldalsmarknaden.

Me har fått lovnad på å låne lavo hos SNO. Det er usikkert om dei kan stille med mannskap. Det må fordelast "vakter" i fjellstyreteltet. Ein må føreta diverse innkjøp og klargjera fiskekort og evt. jaktkort med informasjon. I tillegg få trykt opp kart over valdet (150 kr.stk), og infoskriv om jakttider. Vaktene fordeler seg slik:

- ✓ Torleif og Anne Marie: laurdag føremiddag
- ✓ Helleik og Håkon: laurdag ettermiddag
- ✓ Varamenn, evt andre styremedlemmer: sundag. Torleif tek med kontakt med varamenn ang sundagen.

Andre ansvarsområder

- ✓ Randi: kjøper inn pappbeger og traktekaffi – me handlar på Coop
- ✓ Anne Marie: tek med kaffitraktar
- ✓ Torleif: tek kontakt med Lund ang valdkart + får trykt opp søknadsskjema
- ✓ Heile fjellstyret: rydda vekk standen sundag klokka 17.00

Sak 34/16 Transport til Røldal Fjellstyre sine hytter i vinter og betaling til Grunneigarlaget.

Etter vedtak i fjor blei det kjøpt inn madrasser til Eriksbu og Ninive. Det mangla ei madrass på Ninive då lageret hos leverandøren var tomt.

Leiar leigde Oddvar Øvregård til å føreta transporten og til å køyra ut dei gamle madrassene og søppel frå hyttene.

Det er etter siste møte kome innspel frå Helleik Rabbe om betaling frå Fjellstyret til Grunneigarlaget for denne køyringa. Leiar som bestilte transporten antok ut frå skrivet frå Grunneigarlaget at det er transportøren, dvs. den som køyrer scooteren, som skal svara for dette. Oddvar Øvregård har næringsløyve frå kommunen og som

¹ Med dokumentasjon meiner ein skyteprøve

nemnd antok leiar at han hadde løyve frå Grunneigarlaget til å køyra strekninga inn til Røldal Statsallmenning. Røldal Fjellstyre hadde løyve til transporten frå Tilsynsutvalget for Hardangervidda Nasjonalpark.

Helleik Rabbe presiserte under møtet at avtala er grei, og det ikkje er meininga at Røldal Fjellstyre skal betala noko ekstra. Helleik peikte på at poenget hans var at Fjellstyret og brukarane av Statsallmenningane har ein del goder frå grunneigarane som alle tek som ein sjølvfølge:

Motorisert ferdsel over eigedomane til Røldal Grunneigarlag, grunneigarane har no møter med RSK (Hydro) to gonger kvart år for å leggja forholda sikrare og betre til rette for vinterbruk / transport inn Valldalen. Grunneigar lagar og ny vintertrase frå Valldalen via Middalen og opp til Vivassdalen.

Rabba- eigedomen har og fleire private bruer (Valldalen, Middalen og Grønheller) som har letta tilkomsten for alle brukarane. Vekene før og i reinsjakta er tilgong til bruene ei stor ulempe for jaktutnyttinga på privat grunn, då lettare tilgang gjer at fleire vel og ferdast gjennom dalane inn til statsallmenningane.

Sak 35/16

Tildeling av friluftsmidler for 2016

Det vert vist til brev frå Norges Fjellstyresamband vedk. søknad om støtte til rekrutteringstiltak. Søknadsfrist er 15. juni.

Fjellstyret ynskjer å organisera noko for barn og unge i 2016, som skal auka rekrutteringa. Til no har det vore gjennomført eit jegerkurs. Vert det tur til Hellevass for Røldal skule dette året? Kan me laga til ei helg på Haukeli med opplæring i garnfiske m.m.?. Fjellstyret vurderer også å setja ut blinkar, som dei unge kan trenast på. Ein må vurdere kva slags lokal kompetanse ein kan hente inn for å få sett i verk tiltaka.

Vedtak: Røldal Fjellstyre søker om kr. 10.000,- i støtte til rekrutteringstiltak for 2016. Torleif og Anne Marie skriv søknad.

Sak 36/16

Fiske

Det blei sendt søknad til Fiskefondet for Røldal på kr. 25.000,- til innkjøp av yngel og utflyging av settefisk. Me har løyve til utsetting av fisk frå Hordaland Fylkeskommune som gjeld tom i år for dei same vatna som det blei satt ut fisk i, i 2014. Det må utarbeidast ein plan for utsetting i år.

Leiar har vore i kontakt med ansvarleg for utsetting av fisk i de regulerte vatna i Hydro Energi sitt reguleringsområde. Røldal Fjellstyre vil få fisk av Hydro til utsetting i Kaldevatn så snart løyve til slik utsetting føreligg. Hydro vil i så fall føreta utsetting av yngel i august.

Sak 37/16 Årsmelding og reknskap 2015

Årsmeldinga og reknskapen for 2015 er godkjend.

Sak 38/16 Post og meldingar (jf. e-post)

- a) inatur.no – Helleik har vore inn og endra namnet på leiar
- b) Endeleg vedtak kontrollkort på Hardangervidda 2016, der vedtaket vart som omsøkt. Me ligg lågt i pris samanlikna med andre.
- c) Møtebok Ulvik Fjellstyre

- d) Orientering frå møte i Villreinrådet og Landmøte i Fjellstyresambandet: Ein går inn for ei liberalisering i områda, der sykling (også el- sykkel) vert tillate. Her hadde fleire av fjellstyremedlemmene anmerkning til leiar ang manglande informasjon og utsending av program for møte på Skinnarbu. Møtet på Skinnarbu hadde vore interessant for fleire av fjellstyremedlemmene. Uansett, så skulle programmet vore gjennomgått og behandla av fjellstyre, før leiar reiste på møte. Informasjonsplikt og behandling av program og saker før fjellstyremedlemmer reiser på møte i Røldal fjellstyreregi, var diskutert og presisert på fjellstyremøte 2. mai 16.

Sak 39/16 Moglege andre saker

1. Kort (HA – 290 & 300) må ha namn på fellingsstad, dato (Kontroll på kor mange jegerar med private kort som jaktar i Hellevassområde). Dette tiltaket må valda setja i verk.
2. Jaktlag og overgangsordningar. Dette vert teke opp på neste møte som eiga sak.
3. Telefonmøte på styremøte ved viktige saker. Kan dette vera aktuelt?
4. Innkjøp av nye trekk til madrassene til fjellstyrehytta. Med to sett kan ein leggja på nytt, og ta heim og vaska det eine settet. Dette gjeld seks senger.

Mvh Røldal Fjellstyre,

Anne Marie G. Rabba

Sekretær

Håradalen Hytteutleige

Fra: oddvar Småbrekke [osmaabrekke@icloud.com]
Sendt: 27. juni 2016 15:21
Til: epost@haradalen.no
Emne: Referat fjellstyret

Referat styremøte 16/06-2016

Oppmøte av fjellstyre representantar :Torleif, Håkon, Helleik Randi, Oddvar

Sak 41/16

Jaktlag: Forslag til vedtak / videreføring . Jaktlags avtalen blir som den er, enstemmig vedtatt.

Sak 42/ 16. Overgang til andre vald . Enstemmig vedtatt, likt som før .

Sak 43/16 Trekking av jaktkort 2016 Syd. 3 stk fritt dyr, 7 simle ungdyr og 11 simler. Det vart beslutta av styret og ikkje dele ut kalvekort i år. Det blei og bestemt at det er Max 10 jegerar som skal vera på syd. Alle som søkte blei trekte ut . Nord : 49 frie dyr. Det var 6 jegerar som ikkje fekk bukk i fjor, så dei fekk fyrsterett i år. Alle andre søkarar får tilbud om 3 simler med kalv. Alle utenbygds søkarar får tilbud om jaktkort 2 PR jeger. Både innenbygds og utenbygds jegerar får tilbud om å kjøpa ekstra kort. Pris for innenbygds jegerar 1300,-fritt dyr, 1100,- simle / ungdyr. Egne priser for utenbygds jegerar. Det blei bestemt at utdeling av kort 2016 blir Onsdag 10.August kl 17:30 v/Røldal Grendahus.

Annet som blei tatt opp av jegerar som var på møtet:

- Ta kontakt med tilsynsutvalget om 2 landingsplasser som er blitt vekke frå kartet Uravatnet og Nedre langevotna.

- Unødvendig telling av rein i juli / august, p.g.a støyking / purring så dei trekker aust igjen og ikkje kommer tilbake til jakta.

- Mulighet for og ta opp igjen sak om samjakt med grunneigarane, ein del av jegerane vil at dei bør få være med og ta handsopprekning på om det skal bli vedtatt eller ikkje.

- Etterspurt av jegerane om evalueringsskjema for jakta som har vert, positive / negative tilbakemeldingar, samt ting som kan bli gjort annerledes og forbedring.

- Dyre helsa til Villreinen, jegerar meiner at fjellstyret må ta grep i dette.

Mvh Oddvar

Sendt fra min iPhone

46	Sandal, Erlend	1B + 2 S/u m/kalv	
47	Sandal, Håkon	3 S/U m/kalv	13
48	Sandal, Nils Åge	1B + 2 S/u m/kalv	
49	Sandal, Tommy	1B + 2 S/u m/kalv	
50	Seim, Ida	1B + 2 S/u m/kalv	
51	Seim, Kristen	3 S/U m/kalv	12
52	Skavlid, Tor Ingve	1B + 2 S/u m/kalv	
53	Skeie, Arild	1B + 2 S/u m/kalv	
54	Skeie, Jostein	1B + 2 S/u m/kalv	
55	Småbrekke, Håkon	1B + 2 S/u m/kalv	
56	Småbrekke, Kjetil	1B + 2 S/u m/kalv	
57	Småbrekke, Oddvar	3 S/U m/kalv	6
58	Solbakken, Magnus	3 S/U m/kalv	10
59	Solbakken, Nils Tore	1B + 2 S/u m/kalv	
60	Tjemslund, Tor Helge	1B + 2 S/u m/kalv	
61	Tvedt, Stein Magne	1B + 2 S/u m/kalv	
62	Tveita, Åsmund	1B + 2 S/u m/kalv	
63	Tveitt, Odd Inge	1B + 2 S/u m/kalv	
64	Øvregård, Brita	1B + 2 S/u m/kalv	
65	Øvregård, Jan	1B + 2 S/u m/kalv	
66	Øvregård, Oddvar	1B + 2 S/u m/kalv	
67	Øvregård, Signe	1B + 2 S/u m/kalv	
Utdeling av jaktkort onsdag 10. august. Informasjon kl. 17.30 - utdeling kl. 18.00 Dei som ikkje tek imot tildelt kort, må gje beskjed snarast og seinast 1. august Jegrane må ta imot tildelt kvote. Prisar: Bukk 1300,- S/U m/kalv 1100,-			

SKYTE PRØVA FRAMVIST

Innanbygds syd				
NR	Navn	Kort	Reserve	
1	Ahlisen, Jan Kjetil	1 S/U + 1S		
2	Drangevåg, Atle		17	
3	Drangevåg, Ellen		13	
4	Ekkje, Dag Sverre		8	
5	Ekkje, Sjur Åge	1 S/U + 1S		✓
6	Fjæra, Kristine Stølvei	1 S/U + 1S		
7	Gjørsv, Bjørn			
8	Hagen, Arve			3 ✓
9	Hagen, Helge			
10	Hagen, Kåre			
11	Hamre, Martin	1 B + 1 S/U		✓
12	Hauge, Katrine			
13	Hauge, Nils-Ove		6	
14	Hauge, Reidar			
15	Husby, Erik - Sondre	1 S/U + 1S		✓
16	Kvandal, Trude		1	
17	Kvåle, Gunnar		22	
18	Kvåle, Håvard			
19	Kvåle, Kjell Arvid		16	
20	Kvåle, Kjell Morten		20	
21	Kvåle, Malvin		21	
22	Lybghamar, Ove		24	
23	Lynghamar, Inge		4	
24	Lynghamar, Roger			
25	Lynghammer, Jørgen		18	
26	Medhus, Alf	1 S/U + 1S		
27	Medhus, Nils		7	
28	Medhus, Nils - Vetle			
29	Medhus, Odd - Ivar			9
30	Medhus, Ragnvald	1 S/U + 1S		
31	Myrheim, Trond Rabbe	1 B + 1 S/U		✓
32	Rui, Torfinn		14	
33	Saltvold, Gulleik		5	✓
34	Saltvold, Olav GH		19	
35	Sandal, Erlend		12	
36	Sandal, Nils Åge			
37	Sandal, Tommy		11	
38	Seim, Ida	1 S/U + 1S		✓
39	Skeie, Arild		2	✓
40	Skeie, Jostein		10	✓
41	Småbrekke, Kjetil		23	
42	Småbrekke, Oddvar		15	
43	Solbakken, Magnus			
44	Solbakken, Nils Tore			
45	Tjemsland, Tor Helge Haara	1 B + 1 S/U		✓
46	Tveita, Åsmund			
Prisar: Bukk 1300,- S/U 900,-				

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Helleik Rabbe, Randi Legård og Anne Marie Gamlem Rabba møtte.

Stad: Røldal Grendahus

Tid: Onsdag 10. ^{aug.} ~~juni~~ kl. 16.30 – 17.30 (styremøte)

Kl. 17.30 – 19.30 (utdeling av jaktkort)

Kl. 19.30 – 21.30 (styremøte)

Sakliste:

Sak 44/16: Godkjenning av innkalling og møteprotokoll

Ingen merknadar

Sak 45/16: Klage frå Nils Åge Sandal vedk. vedtak i sak 31/16

Vedtak

Vedtaket i sak 31/16 er ikkje noko enkeltvedtak iht forvaltningslova. Saka er blant anna vurdert av jurist i Statsskog. Røldal Fjellstyre tek ikkje klaga til behandling. Nils Åge Sandal er orientert om avgjerda.

Sak 46/16 Overføring av jaktkort

På statsalmenningen er jaktkorta personlege. Dersom ein jeger med kort utskrive på HA-280 Røldal Statsalmenning, av ein eller anna årsak ikkje kan nytta korta og han ikkje er medlem av eit jaktlag, kan korta overførast til ein annan jeger med kort på HA-280. Røldal Fjellstyre som valdansvarleg kan overføra kort slik som nemnd over.

Vedtak

Styremedlemmer i Røldal Fjellstyre har fullmakt til å foreta overføring av frå jeger med kort på HA-280 til annan jeger med kort på HA-280.

Sak 47/16 Moglege andre saker

a) Bruk av rekrutteringstiltaksmidlar

Fjellstyret vil prøva å få til eit samarbeid med Røldal skule om fiske og eventuell overnatting i Ståvassvikja i haust. Styret har vore i kontakt med Vibeke Lynghamar som tek dette opp på skulen sine plandagar 15. - 17. august.

b) Leige av ekstern sekretær frå Hardangervidda Fjelloppsyn

Styret vil prøva eit år med ekstern sekretær. Leiar tek kontakt med Georg Gjøstein.


c) Innkjøp av vassfast stempel til bruk på jaktkorta

Vanleg penneskrift vert lett viska ut i regn og kulde, og styret vil derfor få tak i vassfast stempel med "HA – 280 Røldal".

- d) **Samjaksavtala opp på ny.** Randi Legård ønskjer at at samjaksavtala skal takast opp på ny.
- e) **Påstand om auka jegerkonsentrasjon i Hellevass siste del av jakta 2015.** Det vart på møtet hevda at ein hadde ein auka jegerkonsentrasjon denne perioden førre år. Teljinga, som vart utført av ei gruppe innanbygds jegrar, stadfesta at det var 8 innabygds jegrar og ein utanbygds jeger i Hellevass.

Mvh Røldal Fjellstyre,

Anne Marie G. Rabba



Sekretær



REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Anne Marie Gamlem Rabba, Lars Seim og Oddbjørn Lynghammer møtte.

Stad: Røldal skule, biblioteket

Tid: Torsdag 20. oktober kl. 18.30 – 20.00

Sakliste:

Sak 48/16: Godkjenning av innkalling og møteprotokoll

Ingen merknadar

Sak 49/16: Tilbod om dialogmøte

Odda kommune v/ ordfører har tilbydd Røldal Fjellstyre eit dialogmøte. Bakgrunnen for dette er diverse brev og e-post som er sendt Odda kommune vedkomande forvaltning av Røldal Statsalmenning. Brevet med tilbod om møte frå Odda kommune er sendt ut, og Røldal Fjellstyre må ta stilling til om ein skal ta i mot tilbodet frå Odda kommune, eller om ein skal klare å ordne opp i dei forhold som har vore omtala på eige hand. Røldal Fjellstyre tar brevet med tilbod om dialogmøte til drøfting.

Vedtak

Røldal Fjellstyre vil takka ja til tilbodet om dialogmøte. Det er viktig at alle dei faste medlemmane er til stades på møtet, fortrinnsvis også varamedlemmane. Per no ser det ut som om dei fleste medlemmane er til stades i januar. Håkon Småbrekke tek kontakt med Helleik Rabbe for å høyre kva tid han er attende. Leiar forfattar eit brev til kommune der ein takkar ja til møte i januar, på ein dato der alle dei faste medlemmane kan stille.

Sak 50/16 Ekstern sekretær i Røldal Fjellstyre

Det blei i sommar føreslått at Røldal Fjellstyre skulle leige ekstern sekretæreneste. Kort tid etter at vedtaket om å innhente "tilbod" blei fatta, blei det teke munnleg kontakt med Hardangervidda Fjelloppsyn A/S (HF A/S) v/ dagleg leiar Georg Gjøstein om dei hadde kapasitet til å ivareta ei sekretærordning for Røldal Fjellstyre. Det blei gjeve ein munnleg lovnad på dette, og at dette ville kunne verte dekkja innføre det beløpet Røldal Fjellstyre allereie betalar inn til HF A/S. Men at det då ikkje kan påreknast at dei kan utføre oppsynsoppgaver eller anna arbeid av betydning utan at dette vil påføre Røldal Fjellstyre ytterligare kostnader.

Det er no etter jaktslutt sendt skriftleg førespurnar til HF A/S med spørsmål om evt timeforbruk og forventa kostnad ved kjøp av sekretæreneste frå HF A/S. Det er ikkje motteke svar frå HF A/S når dette vert skrive.

Røldal Fjellstyre må etter at tilbod om ekstern sekretæreneste føreligg, ta stilling til om dette er noko ein skal kjøpe eksternt eller fortsetje å halde innføre eksisterande styre.

Vedtak

Leiar fortset arbeidet med å framskaffe oversikt over kostnadar for ekstern sekretæreneste. Når desse tala føreligg gjer Røldal Fjellstyre endeleg vedtak. Tala er etter all sannsyn snart klare, slik at saka kan takast opp att på neste møte i november.

Sak 51/16 Oppsummering av jakta.

Resultat per 21.10.2016


- ✓ På syd er det felt 4 dyr, 1 bukk, 2 simler og ein halvt anna årig bukk. Kvoten var 47 dyr.
- ✓ 8,5% felling.
- ✓ På vidda er det felt 82 dyr. 76 vaksne dyr av 329 tildelte. 6 kalver av 280. 29 bukk, 22 halvt anna årige bukkar, 24 simler, 1 halvt anna årig simle. 2 bukkekalver og 4 simlekalver.
- ✓ 76 vaksne dyr utgjer 23,1% av 329.
- ✓ I tillegg 6 kalvar. Like mange kalvekort som tildelte simler, 280 stk.

Sak 52/16 Post og meldingar

- a) **Haustmøtet 2017:** Fellesmøte vert fredag 2. desember (Skinnarbu)
- b) **Arbeid med Fjellova:** Ikkje kome ut noko særskilt materiale til no, men det vil koma forslag ut til høyring på sikt. Det vert etter all sannsyn ei nærare orientering om den nye Fjellova på Haustmøtet 2017.

Sak 53/16 Moglege andre saker

- a) **Førespurnad om brevskrivarane har fått svar på klage i brevet om avgrensa samjaksavtale.** Håkon Småbrekke tok opp med leiar om brevskrivarane har fått svar på brevet sitt. Leiar informerte styret om at brevet er å rekna som eit opprop, og ikkje ei klage. Når brevet føreligg som eit opprop treng ikkje Røldal fjellstyre svare, jf leiar. Leiar gav utover dette munnleg svar på problemstillinga i brevet på kortutdelingsmøtet 10. august. Brevskrivarane må senda eit nytt brev/klage om dei ikkje er tilfreds med dei munnlege svara som kom fram på møtet 10. august.
- b) **Førespurnad om Nils Ove Hauge har fått svar på klage i brevet sitt.** Håkon Småbrekke tok opp med leiar om brevskrivar har fått svar. Her gjeld det same svaret som 53/16 a. Brevet er eit opprop, og ikkje ei klage, jf leiar.



Mvh Røldal Fjellstyre,

Anne Marie G. Rabba

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Følgjande møtte:

Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Anne Marie Gamlem Rabba, Randi T. Legård og Lars Seim (vara for Helleik Rabbe).

Stad: Røldal skule, biblioteket

Tid: Måndag 28. november kl. 18.30 – 20.30

Sakliste:

Sak 54/16: Godkjenning av innkalling og møteprotokoll

Ingen merknadar.

Sak 55/16: Leige av sekretær

Røldal Fjellstyre skal ta stilling til om ein skal leige ekstern sekretær som ei prøveordning for eitt år. Røldal Fjellstyre har eit pålagt tenestekjøp hos Hardangervidda Fjelloppsyn A/S (HF) på kr. 91000 for 2016. Dette er eit minimumsbeløp som er fastsett gjennom avtale mellom fjellstyra og tilsvarer 1997-nivået justert med kostnadsvekst. For Røldal Fjellstyre var kr. 10.246,- øyremerka oppsynsarbeid under villreinjakta i år slik at det stod igjen kr. 80.000,- til anna arbeid. Oppsynsarbeid i statsalmenningen har vore prioritert dei siste åra.

Som det går fram av oppsettet frå HF er timeprisen for kontorarbeid kr. 266,50 for fjellstyret. Då dekkjer staten den andre halvparten av timeprisen ut frå dagens refusjonsordning. For køyring til og frå styremøter i Røldal må fjellstyre betale kr. 366,50 pr. time. Dette er også 50 % av timeprisen pga. refusjonsordninga. Det ligg an til ein auke av timeprisen på 3-4 % for inneverande år ifølgje HF.

Kor mange timar som reknast for kvart møte er uvisst. Men reknar ein 10 timar i saksførebuing og etterarbeid for kvart møte, 3 timar reisetid og 3 timar pr. møte blir kostnaden for Røldal Fjellstyre kr. 4.461,- pr. møte.

Dersom Røldal Fjellstyre skal nytte sekretæren til anna ikkje refusjonberettiga arbeid, arbeid med sal av fiske- og jaktkort er timeprisen kr. 533,-.

Dersom Røldal Fjellstyre leiger sekretær vil talet på timar oppsyn i statsalmenningen reduserast tilsvarande kostnaden med å leige sekretær. Skal ein oppretthalde same nivået med oppsyn som ein har hatt, må kostnadane til dette hentast inn gjennom auka inntekter. Dette vert ei utfordring då det dei neste to åra ikkje er sal av jaktkort for småvilt og ein er avhengig av ytterlegare sal av jaktkort på villrein.

Vedtak

Røldal Fjellstyre går inn for å prøve eitt år med innleigd sekretær frå og med januar 2017. Dette vert Sveinung Olsnes.

Sak 56/16**Haustmøtet**

Haustmøtet er i år på Skinnarbu 2. og 3. desember. Fredag er det styremøte i Hardangervidda Fjelloppsyn A/S. Leiar møter som styremedlem, sakliste er sendt ut. Leiar møter og i Hardangervidda Villreinutval som varamedlem same dag. Her har leiar kun røysterett om ein av dei faste medlemmene frå fjellstyra ikkje møter. Til fellesmøtet laurdag møter også Håkon Småbrekke og Lars Seim frå Røldal Fjellstyre.

Vedtak

Til haustmøtet på Skinnarbu deltek Håkon Småbrekke, Lars Seim og Torleif Fresvik frå Røldal Fjellstyre. Sakliste tas til etterretning.

Sak 57/16**Midtfjellsvollen, betaling av utgifter til Jens Markhus**

For eit år sidan vart det utført utbetningsarbeid på Midtfjellsvollen. Det vart av førre fjellstyre ikkje avtala på førehand korleis utgiftene skulle fordelast mellom leigetakar Jens Markhus og Røldal Fjellstyre.

Leiar var i kontakt med Svein Myrheim for at han skulle sjå på arbeidet som var utført og kome tilbake med eit forslag til kostnadsdeling ut frå slik arbeidet var utført. Etter synfaringa kollapsa datamaskina til Svein og han mista notata sine.

Det har i ettertid ikkje lukkast å framskaffe nytt materiale. Jens Markhus har betalt alle utgiftene, og sidan dette har teke tid bør Røldal Fjellstyre snarast beklaga tidsbruken og kome med eit tilbod til Jens Markhus om ei rimelig deling av utgiftene.

Vedtak

Røldal Fjellstyre betalar ut sin del av utgiftene Jens Markhus har hatt til utbetring av fjaset på Midtfjellsvollen, så snart det føreligg avtale om dette mellom Jens Markhus og Fjellstyret. Leiar tek kontakt med Jens Markhus.

Sak 58/16**E-134 Vågslid - Seljestad, innspel og merknader til plan**

Statskog har bedt om innspel og merknader til bruk ved høyringsuttale i følgje planprogram for ny trasé E-134.

Røldal Fjellstyre (Statskog) blir sterkt berørt av dette arbeidet dersom foreslått trasé for ny E-134 blir vedteke. Dette medfører utfylling av steinmassar i fiskevatna på Haukeli. Høge fyllingar (fleire meters høgd) vil hindre villreintrekk på austsida av Haukelitunellen.

At val av foreslått trasé ikkje gir vintersikker veg bør fjellstyre nemna som ein konsekvens til dei skadane foreslått vegtrasé vil gje.

Vedtak

Røldal Fjellstyre sender innspel og merknadar til Statskog innan fristen 8.januar 2017.

Sak 59/16

Vedlikehald av og innkjøp til fjellstyrehyttene

Det er kome forslag frå brukarane av fjellhyttene om innkjøp av kjøkkenutstyr til Eriksbu. Dette er nok noko ein må sjå på for dei tre hyttene Røldal Fjellstyre har. Brevet med forslag blir sendt alle før møtet. Her ligg og forslag om flytting av fjellstyret sin båt frå Nekkoss til Eriksbu. I brevet vert det argumentert for flyttinga. Kanskje kan det kjøpast ein båt til som kan plasserast ved Eriksbu, eventuelt ved Øvre Hellevatten.

Innkjøp av nye fiskegarn er også foreslått. Dei garna som heng i uthuset i Eriksbu er ein serie til prøvafiske og dei fleste er for småbeinte til å bruke i dag.

Vedtak

Røldal Fjellstyre føretekk innkjøp av naudsynt kjøkkenutstyr til Fjellstyrehyttene for utskifting eller komplettering. Røldal Fjellstyre føretekk flytting av båt frå Nekkoss til Eriksbu, og kjøper ny båt i løpet av våren 2017 til bruk i Øvre Hellevatn. Røldal Fjellstyre kjøper 10 nye fiskegarn til bruk i Øvre og Nedre Hellevatten i størrelse 18 og 20 omfar. Dei innkjøpte varene vert køyrd inn i løpet av vinter/vår 2017.

Sak 60/16

Budsjett

Røldal Fjellstyre treng eit budsjett for 2017. Dette bør utarbeidast innan utgangen av året slik at ein får synleggjort utgifter og inntekter gjennom året. Randi og Torleif ser på forventa inntekter til neste år.

Vedtak

Det blir utarbeida et budsjett for 2017.

Sak 61/16

Møte med ordførar og rådmann

Røldal Fjellstyre sine medlemmer og varamedlemmer fekk tysdag 23.08.2016 e – post frå Ole Jørgen Jondahl om at kommunen ynskte eit møte mellom Røldal Fjellstyre, (medlemmer og varamedlemmer), ordførar og rådmann. Helleik kjem til Oslo den 24.01.17, og føreslår at ein får til eit møte i veka etter.


Vedtak

Leiar tek kontakt med kommunen i forhold til å få til eit møte etter 1. februar 2017.

Mvh Røldal Fjellstyre,

Anne Marie G. Rabba

Sekretær

 Anne Marie G. Rabba 
Randi T. Juvro